

Møtereferat

Årsmøte i Syltøy Grendalag 04.03.2019

Referent: Svein Syltøy

Saksliste:

1. Innkalling

- Innkallinga vart godkjent utan merknader

2. Val av møteleiar og referent

- Møteleiar: Jan Helge Syltøy
- Referent: Svein Syltøy

3. Val av representantar til å godkjenna referatet

- Kåre Lillebø og Ole Bernhard Syltøy

4. Gjennomgang av årsmelding for 2018

- Generelt:

Styret har jobba mest med drifta av lokalet, nødvendig vedlikehald og tilrettelegging i forbindelse med utleige. Internettsida er mellom anna utbetra på mange punkt for å tilretteleggja informasjon, formidla når lokalet er ledig mm.

- Drift og utleige av lokalet:

- i. Ein del aktivitet (utleigd ca. 20 gonger), men enno god kapasitet til fleire «kundar». Coasteering er vår beste leigetakar. Dersom det vert høgare aktivitet treng «husgruppa» fleire medlemmar som kan hjelpa til med dette arbeidet (administrasjon og oppfølging av utleige)
- ii. Installasjon av varmpumpe i gymsalen har omtrent halvert straumforbruket (samanlikna andre halvår 2018 mot fyrste halvår). Styret ynskjer og å installera ei varmpumpe i området kjøkken/gang (dette er teke med i forslaget til neste års budsjett).

- Vedlikehald av bygget:

- i. «Vedlikehaldsgruppa» har jobba med mange ulike oppgaver som har heva kvaliteten på bygget. Av dei store aktivitetane kan nevnt skifte av utvendig bordkledning, flytta vegg i kjøkenet, nye ytterdører (ei er skifta allereie) mm.
- ii. Ref. til årsmeldinga for fleire ting som er utført og vert jobba vidare med.

- Aktivitetar i grendalaget:

- i. Dei vanlege aktivitetane med ryddeaksjon, adventskafé mm. gjekk som planlagt. Adventskaféen fekk sitt beste resultat nokon gong.
- ii. Haustmarknad vart arrangert for fyrste gong og fekk god oppslutning. Mange meinte at dette må verta ein fast aktivitet.

- Overtaking av eigedommen:
 - i. Alt det formelle er no på plass både i forhold til bygget og tilleggsarealet. Underteikning planlagt i slutten av mars.
 - ii. Eit stort uavklart spørsmål er dokumentavgifta. Denne er normalt 2.5% av marknadsverdien (bygg og areal). Verdien på skøyte er 120,000.- men styret er usikker på om det er denne summen som vert grunnlaget for denne avgifta. Styret jobbar vidare mot kartverket for å avklara dette spørsmålet. Potensielt kan det verta ei betydeleg utgift i 2019 (eksempelvis vil ein verditakst på 2 mill utgjera 50,000.- i dokumentavgift).

5. Gjennomgang av rekneskap for 2018

- Som vanleg vart det ein god del diskusjon og mange kommentarar rundt dette punktet. Straumutgiftene er den klart største utgifta vi har og styret jobbar med å få redusert forbruket (ref. forslag om ny varmpumpeinstallasjon)
- Når det gjeld utleigesida er det truleg eit større potensiale om vi driv meir og betre marknadsføring.
- Grunna forsinkelsar med overtakelsen av bygg og ute areal (få papira signert) så kunne ein ikkje starta opp med Bingo.
- Generelt så vart budsjettet halde med god margin samt at inntektene enda på pluss-sida.
- Rekneskapet vart elles godkjent utan innvendingar.

6. Gjennomgang av budsjett for 2019

- Det vart som vanleg ein del diskusjon omkring utgifter og inntekter. Mellom anna vart fylgjande saker og forslag nevnt:
 - i. Det er viktig å løyva midlar i budsjettet til ungdomsarbeid og aktivitetar. Dette er viktig for å bli tilgodesett med offentlige midlar. Eksempelvis kan ein og undersøkje moglegheiten for å «innlemma» torsdagsklubben som ein grendalagsaktivitet. Styret vart oppmoda om å kontakta foreldra for å vurdere dette forslaget.
 - ii. Når det gjeld grasrotmidlar er det mogleg for medlemmane (og andre) til å støtta laget økonomisk. Dette er eit enkelt tiltak som kan gje gode inntekter om mange fylgjer opp.
- Årsmøtet godkjende budsjettforslaget med fylgjande kommentarar:
 - i. Posten for innkjøp av TV & playstation vert strøken frå investeringsbudsjettet
 - ii. Posten for Aktiviteter for medlemmer (utgiftssida) vert endra til: «Aktiviteter for medlemmer, barn og unge». Verdien vert auka til 20,000 i budsjettet.

7. Saker som var oppe til diskusjon, meldt i innkallinga:

- Rydding og ordning av uteplass, grus grensemur mm.
 - i. Grendalaget har ansvaret for tilsyn med leikeapparata på uteplassen. Dette inneber eit krav om at desse skal sjekkast jamleg iht. lovbestemte retningslinjer. Det skal nyttast eigne sjekklister for dette. Camilla lanke sa seg villig til å undersøkje forholda omkring dette mht. krav om oppfølging og kontroll samt vurdere kva som trengs av midlar og innsats for å behalda

leikeplassen, i fyrste omgang fram til ny eigar av resterande uteareal er på plass

• Andre saker:

- i. Planlagt vedlikehald: Full tilslutning frå årsmøtet om at dette må prioriterast.
- ii. Ei ekstra varmpumpe: Godkjent, jamfør budsjett godkjenning pkt. 6
- iii. Skal alle medlemmer ha nøkkel til bygget:
Beslutning: Styret samt enkelte «nøkkelpersonar» som trenge skal ha nøkkel. Navnelister må oppdaterast på internettsida slik at alle medlemmer veit kven dei kan henvenda seg til ved behov.
- iv. Coasteering ynskjer å plassera ein lukka container for oppsamla plastavfall på grendalaget sitt område. Beslutning: Godkjent, plassering må avtalast med styret.
- v. Husgruppa: Her trengs fleire som kan gjera ein innsats for å redusera belastningen på enkeltpersonar (særleg Michelle). Alle vert oppmoda til å melda interesse. Det vart diskutert å oppretta eige telefon-nr., e-mail, elektronisk booking av bygget (tilrettelagt på nettsida) mm. Styret ser vidare på kva som kan gjerast for å forenkla denne prosessen.
- vi. Kontingent for 2019: Årsmøtet beslutta å behalda denne uendra.
- vii. Utleige og marknadsføring av bygget: Styret fekk tilslutning for å registrera lokalet hos selskapslokaler.no (ca. 5000.-). Dei vart og oppmoda om å vurdera andre moglegheiter først, til dømes optimalisering av søkeord for nettsida, andre rimelegare fora for annonsering osv.

8. Andre saker (teke opp under møtet, ikkje meldt i innkallinga)

- **Flåten i badevika.** Denne er i dårlig forfatning og må reparerast
- **Båten på snuplassen.** Denne er i ferd med å revne og må reparerast evt. skiftast ut. Det blei opplyst at «ny båt står klar til henting» hos Ole B. Dersom vi går for ei utskifting bør dette gjerast på ein annan måte, f. eks. plast innvendig før den verte fylt med jord osv.

9. Val til nytt styre

- Styremedlemmer på val: Jan Helge Syltøy, Eldbjørg Syltøy og Ove Geir Stusdal
- Styremedlemmer ikkje på val: Odd Vidar Storesund og Michelle Storesund
- Varamedlem på val: Heidi Syltøy og Odd Kåre Syltøy
- Revisor på val: Jostein Jakobsen
- Valnemd på val: Jarle Syltøy og Svein Syltøy

Valnemda si innstilling til nytt styre:

- Styremedlemmer: Jan Helge Syltøy (**gjenväl**), Eldbjørg Syltøy (**gjenväl**) og Odd Kåre Syltøy (**ny**). (Ove ynskta ikkje gjenväl).
- Varamedlemer: Heidi Syltøy (**gjenväl**) og Leif Storesund (**ny**)

- Revisor: Jostein Jakobsen (**gjenv**al)
- Valnemd: Jarle Syltøy og Svein Syltøy (**gjenv**al)

Beslutning årsmøte: Valnemda si innstilling vart godkjent utan merknader

Årsmøte vil nytta høve til å takka avtroppande styremedlemmar for innsatsen og ynskja nye velkomne.

Godkjenning av referat:

12/3-19 Kåre Lillebø

Dato/underskrift: Kåre Lillebø

12/3/19 Ole B. Syltøy

Dato/underskrift: Ole B. Syltøy